

# Årsmelding og rekneskap 2002



**LUSTER  
ENERGIVERK AS**

[www.lusterenergiverk.no](http://www.lusterenergiverk.no)

# Generalforsamling

Generalforsamling for Luster Energiverk AS vert halden i Banksalen Gaupne måndag 05.05.03 kl. 16.00

## SAKLISTE

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteiar, referent og 2 medlemar til å skrive under møteprotokoll
3. Årsmelding for 2002
4. Rekneskap for 2002, herunder disponering av overskot
5. Godkjenning av honorar til revisor
6. Val av styre i samsvar med vedtektene
7. Val av valnemnd
8. Endring av vedtektene
9. Orienteringssaker

Sakstfang til generalforsamlinga vert utsendt til dei aksje-eigarane som ber om det, og vert elles lagt ut på daglegvarebutikkane i kommunen og energiverket sitt kontor frå 28.04.03.

## STYRET

*Framsdebilde*

*Administrasjonsbygget vårt i Gaupne Foto: Hallgeir Hatlevoll*

## STYRET

Styret hadde fylgjande samansetjing i 2002:

Stein Næss (styreleiar), Per Hauge (nestleiar), Herman Bremer, Jens K. Nes, Kristen Ormberg og Arvid Skjerven.

Varamenn i rekkefylgje har vore:

Steinar Molland, Jarle Sperle, Arne Kvalen og Anny Fossøy Norberg.

Arvid Skjerven og Anny Fossøy Norberg er valde av og mellom dei tilsette.

## VALNEMND

Johan Solheim (leiar), Inger Marie Evjestad og Magnar Høyum

## STYRESAKER

Det har vore halde 10 styremøte og 36 saker har vore handsama.

## HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

- Selskapet er tilslutta Sogn Bedriftshelseteneste.
- Sjukefråvær i 2002 var på 3,48%. Dette er ein auke på 0,65% frå året før.
- Selskapet har eige AMU (arbeidsmiljøutval) med representantar frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.
- Det har vore halde kurs i driftsforskrifter og fyrstehjelp for driftspersonalet, og for tilsette på installasjonsavdelinga.
- Fleire tilsette har delteke på ymse faglege kurs.
- Det er utarbeidd Beredskapsplan for ulukker og unormale situasjonar i krig og fred.
- Det er eigen beredskapsplan for Sage Kraftverk i samband med vassdragsulukker.
- Drifta til selskapet fører ikkje til påviseleg forureining av det ytre miljøet.

## ØKONOMI

Driftsresultatet for 2002 er på kr 4.235.598 som er ein auke på kr 398.593 i høve til året før. Dette er det nest beste resultatet for LE AS. Dette, saman med stabile finansinntekter, gjev eit årsoverskot på kr 5.068.309.

Størst tilskot gav drifta av distribusjonsnettet med kr 3.144.000, som er ein auke på kr 630.000 frå 2001. Vidare gav kraftomsetning kr 1.080.000 (+358.000), installasjon kr 120.000 (-28.000), arbeid for andre kr 154.000 (-180.000) og fiber kr -262.000.

Luster Energiverk AS er ei solid verksemd med ein eigenkapitalprosent på 76,3, som er omlag det same som året før.

Likviditeten er fortsatt stram, grunna deltaking med aksjekapital i Sage Kraftverk AS, lån til Sognekraft og kjøp av egne aksjar.

Det etterfylgjande oppsett syner rekneskapan for distribusjonsnettet.

## REKNESKAP NETT 2002

Salsinntekter	17.233
Attendeført mindreakv.	-345
Attendeført renter	-59
Andre driftsinntekter	30
Andre leigeinntekter	155
Mindreakvkastning	1.037
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>18.051</b>
Nett-tap	1.052
Overføring	2.132
Lønnskostnader	5.202
Andre driftskostnader	4.062
Avskrivningar	2.459
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>14.907</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>3.144</b>


NVE har for 2002 fastsett tariffinntekt til 15.885.000.

I tillegg kjem kostnaden til overordna nett, eigedomsskatt og attendeført mindreinntekt.

## DRIFTSMIDLAR NETT

Eigne driftsmidlar	33.591
Andel av felles driftsmid.	536
<b>Sum</b>	<b>34.127</b>

## OVERSIKT DRIFTSRESULTAT 2002



**SALDO MEIR/MINDREINNTEKT**

1993 Mindreavkastning	-291
1994 Meiravkastning	1.429
1995 Mindreavkastning	-84
Saldo 31.12.95	1.054
1996 Mindreavkastning	-68
1996 Attendeført	-380
Saldo 31.12.96	606
1997 Mindreinntekt	-481
Attendeført meirinntekt	-674
Saldo 31.12.97	-549
Attendeført mindreinntekt	52
1998 Mindreinntekt	-280
Korrigert for renter	17
Saldo 31.12.98	-760
1999 Attendeført	481
1999 Mindreinntekt	-760
Saldo 31.12.99	-1039
2000 Attendeført	280
2000 Mindreinntekt	-345
Saldo 31.12.00	-1104
2001 Attendeført	760
2001 Mindreinntekt	-735
Saldo 31.12.2001	-1080
Endringar i levert energi	-1292
Korrigert saldo 31.12.01	-2372
2002 Mindreinntekt	-1037
<b>Saldo 31.12.2002</b>	<b>-3409</b>
<b>Attendeført i tariffar for 2003</b>	
Mindreinntekt	735
Renter 2002	66
<b>Totalt attendeført</b>	<b>801</b>

**EFFEKTIVITET I DISTRIBUTJONSNETTET**

Overføring av elektrisk kraft er ei monopolverksemd. For å sjå til at krafttransporten vert gjort så effektivt (billeg) som mogleg, er NVE sett til å føreta denne monopolkontrollen. NVE har også for perioden 2002 til 2006 vidareført vårt effektiviseringskrav på 3,5%. Ein så stor årleg reduksjon av inntektene kan bli vanskeleg å oppfylle utan at det går ut over servicegrad og leveringstryggleik. Nettleiga vil nødvendigvis bli dyrare i vestlandsterrang enn i flate tettbygde strøk. Men sjølv med den spreidde busetnaden og svært lange linjer er vi mellom dei aller rimelegaste nettselskapa i fylket.

I 2001 vart forskrifta om "Kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert energi (KILE)" gjort gjeldande. Målet til NVE er at

den skal bidra til at kraft vert overført til rett pris og leveringskvalitet. Dessutan at nettet vert utnytta og utbygd på ein sikker og rasjonell måte.

Alle energiverka har fått tildelt ein sum "ramme" på grunnlag av feil i nettet dei siste 3 åra. For vår del er denne summen for 2002 kr 482.000,-. Kompensasjonen for kvar ikkje-levert kWh er fastsett av NVE.

Overført frå 2001	kr 287 000
Tildelt ramme 2002	kr 482 000
Kompensasjon 2002	kr 541 000
<b>Overført til 2003</b>	<b>kr 228 000</b>

**KONKURRANSE FRÅ ANDRE LEVERANDØRAR**

I den frie kraftmarknaden kan kundane kjøpe kraft der dei får den billegast. Mange leverandørar marknadsfører seg difor i periodar med låg kraftpris. Luster Energiverk er oppteken av å tilby kundane kraft til rett pris. Difor valde vi å tilby ulike alternativ på kraftpris. Grunna dei høge kraftprisane for 2003, valde vi for fyrste gong å tilby fastprisar for fleire år.

**SAMARBEID**

Samarbeidet mellom energiverka er vorten ein naturleg del av arbeidsdagen. I takt med effektivitetskrava som vert stilt til nettselskapa, er ein avhengig av alle former for kostnadsreduksjonar. Samarbeidet mellom energiverka i Sogn (SEIS) har vorte utvida ved å gå saman med Kjøpekraft Vest (KV). KV er ein innkjøpsorganisasjon som omfattar nesten alle energiverka frå Lyse til Romsdalsfjorden. Det er allereie etablert gunstige avtalar på kabelkjøp, tovegskommunikasjon m.m.

**SAGE KRAFTVERK**

Sage kraftverk vart skipa den 14.august 2000. Luster kommune og Luster Energiverk har 50% kvar av aksjekapitalen. Sage kraftverk har avtale med Luster Energiverk AS om drift av kraftverket.

**PLANAR**

På grunn av større krav til leveringstryggleik må det reinvestrast i nytt fjernstyringssystem. Det nye systemet må handtere både nettsystemet og produksjonssystemet. Det skal byggjast ny 22kV linje mellom Luster og Skjolden. Vi er i gang med planarbeidet for fyrste byggjeste mellom Luster og Havhella. Den store utfordringa er trasevalet vidare til Skjolden.

**STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER**

Styret meiner at føresetnaden for fortsatt drift er tilstades.

Luster Energiverk har i alle år satsa på god og framtidsetta fornying av linjenettet. Dette har gjeve resultat i form av færre og kortare avbrot.

Som kraftleverandør får vi stadig krav, både med omsyn til pris og valmoglegheiter. For å møte desse krava må vi samarbeide med andre portefylgjeforvaltarar for å kunne tilby eit fleksibelt system for kundane våre.

Luster Energiverk vil samarbeide med Luster kommune om utnyting av konsesjonskrafta til beste for kundane/innbyggjarane.

Vi vil bidra aktivt for at potensialet i mini- og mikrokraftverk kan utnyttast på ein samfunnsøkonomisk måte.

Luster Energiverk vil samarbeide med dei lokale aktørane for at flest mogleg skal få tilgang til nye produkt på breibandsida.

Vi vil fortsatt arbeide for ein god økonomi i selskapet som gjev rett pris til kundane og avkasting til eigarane.

For at vi skal vere ein del av lokalsamfunnet i framtida vil vi framleis arbeide for:

- Effektivisering i eigen organisasjon
- Nytte nye teknologiske løysingar for meir effektiv drift.
- Vurdere alle former for samarbeid som fører til at vi vert meir konkurransedyktige.
- Ha ein organisasjonskultur og arbeidstilhøve som gjer at vi kan halde på dei tilsette.



Ras tok linja på Veitastrond den 01.02.02 Foto: H. Hatlevoll

## DISPONERING AV OVERSKOT

Styret gjer framlegg om at overskotet for 2002 på kr 5 068 309,- vert fordelt slik:

Utbytte kr 260,- per aksje	kr 2 034 760,-
Tilføring disposisjonsfond	kr 3 033 549,-
	<hr/>
	kr 5 068 309,-

Styret for Luster Energiverk AS, 14. mars 2003

Stein Næss  
(Styreleiar)

Per Hauge

Herman Bremer

Kristen Ormberg

Jens K Nes

Arvid Skjerven

Svein Halveg  
(everksjef)



2002 har vore eit nytt aktivt år. Kraftprisen vart i slutten av året eit omdiskutert tema. Det norske vasskraftsystemet er svært avhengig av nedbøren. Dersom nedbøren sviktar, slik som denne hausten, er vi fullstendig avhengig av utveksling med utlandet. Marknaden er laga slik at ein produserer krafta der produksjonskostnaden er lågast. Dette fører til at Noreg eksporterar mykje kraft når magasina er oppfylt. Normalt vil vi tappe magasina på hausten i påvente av haustregnet. Då haustnedbøren ikkje kom, førte det til at vi fekk kapasitetsproblem i vinter. NVE førebudde ei straumrasjonering på våren 2003. Den manglande nedbøren førte til kraftprisar som var svært høge på slutten av året. Gjennomsnittleg spotpris auka frå 18,65 øre/kWh i 2001 til 20,1 øre/kWh i 2002. Nokre kraftprodusentar hadde svært god inntening, men dei fleste distributørar fekk store tap. Dette førte til fleire konkursar blant mindre kraftleverandørar.

Forsyningsnettet vårt er av svært god kvalitet. Likevel er vi utsett for ras og skogfall. Dette har mellom anna ført til to mastehavari på linja til Veitastrand. Det vil alltid vere ei utfordring å kombinere hurtig feilretting og sikkerheit for folka våre.

Gjennom Kjøpekraft Vest har vi inngått avtale med Policom om utbygging av tovegskommunikasjon for kundar med forbruk større enn 100 000 kWh. Denne avtalen har også opsjonar ved full utbygging av tovegskommunikasjon. Det kan på sikt medføre at kundane ikkje treng å lese av målarer. Tre studentar ved høgskulen i Sogndal arbeider i desse dagar med ei økonomisk vurdering av løysinga.

Sage kraftverk har vorte drifta av oss. Dette har ført til fleire interessante problemstillingar. Det er reklamert på fleire av komponentane i kraftverket. Den manglande nedbøren har ført til langt mindre produksjon enn forventta.

Gjennom Sage Kraftverk har vi også teikna avtale med grunneigarane til Kvåle kraftverk. I fyrste omgang vil vi gjennomføre konsesjonshandsaminga, samtidig som ein innhentar dei naudsynte tilboda. Dersom utbygginga viser seg økonomisk interessant, vil vi kunne gjennomføre ei bygging i løpet av kort tid.

Vi har også engasjert oss for å kunne hjelpe andre grunneigarar som arbeider med utbyggingsplanar.

Breibandsutbygginga vår blir stadig meir interessant. Ein ser samarbeidsgevinstar med dei andre energiverka på ulike tekniske løysingar. Kommunen har betra interntrafikken, og Data-part har bygd løysingar både for private og næringslivet.

Eigarstrukturen i Sognekraft AS har vore uendra. Luster Energiverk AS er no tredje største eigaren etter BKK og Vik kommune.

## ORGANISERING OG DRIFT I 2002

### 1. Organisasjon, administrasjon, personale

#### 1.1 Selskapsform

Luster Energiverk AS vart skipa i 1915.

I 1983 fusjonerte selskapet med L/L Hafslo Kraftlag og L/L Jostedal Kraftlag.

Aksjekapitalen er på kr 21.657.500, fordelt på 8.663 aksjar pålydande kr 2.500.

#### 1.2 Medlemskap i andre organisasjonar

Luster Energiverk AS er medlem i:

- LVK / IDE
- Norges Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fj. Elektroentreprenørforbund
- Sogn og Fjordane Energilag
- Kommunenes Sentralforbund
- Sogn BHT

#### 1.3 Revisjon

Revisjonen er utført av Deloitte & Touche, avd. Sogndal.

#### 1.4 Administrasjon

Administrasjonsstad er Gaupne, i bygg leigd av ANS Luster Kraftlag.

#### 1.5 Personale

Pr. 31.12.2002 hadde selskapet 24 heiltidstilsette. 1 var tilsett i 60% stilling og 1 i 80%. I tillegg hadde selskapet 4 lærlingar på kontrakt.

*Lærlingar i arbeid: Trond Rune Flikki og Even Andre Bolstad Foto: H. Hatlevoll og H. A. Skagen*



## 2. Eigedomar og vedlikehald av desse

### 2.1 Kraftverk Døsen

Bygd i 1915, ikkje i drift. Kraftverket kan nyttast i samband med omvisning o.l.

### 2.2 Transformatorstasjonar

Døsen bygd i 1939, modernisert i 1986. Transformator 1450 kVA, spenning 21/5 kV. 2 utgåande 22 kV - og 1 utgåande 5kV linje.

### 2.3 Fordelingsnett

#### 2.3.1 Høgspenning fordelingsnett

22 kV: linjer 207,02 km, jordkablur 30,409 km  
5 kV: linjer 1,20 km, jordkablur 0,500 km

#### 2.3.2 Vedlikehald og nyanlegg høgspenning linjer

- Ny nettstasjon 100 kVA og 180m 22kV linje frå Flikki til Krossen.

#### Nye nettstasjonar og høgspenning jordkabelanlegg

- Ny nettstasjon 100kVA og 190m 22kV høgspenning kabel til Dale kyrkje.
- Ny nettstasjon 315kVA og 260m 22kV høgspenning kabel til Bringebakkane.
- Ny nettstasjon 315kVA og 106m 22kV høgspenning kabel til Turtagrø.

#### 2.3.3 1000V Anlegg

1,94 km linje og 4 stk. transformatorar.

#### 2.3.4 Lågspenningnett

264 km linjer og 78,24 km jordkablur.

#### 2.3.5 Fordelingstransformatorar

231 stk. trafoar 21/0,24 kV  
2 stk. trafoar 21/0,415 kV  
2 stk. trafoar 5/0,23 kV  
1 stk. trafoar 5/0,415 kV  
4 stk. trafoar 1/0,23 kV

Dette er ein auke på 1 stk. 21/0,24 kV. Samla traføyting er 36.993 kVA

## 2.4 Fjernstyring, sambandsutstyr

### 2.4.1 Fjernstyringsanlegg

- 1 stk. Nortroll sentral ved kontoret i Gaupne
- 1 stk. repeater med solcellelading på Molden
- 4 stk. fjernstyrte effektbrytarar
- 11 stk. fjernstyrte linjebrytarar
- 2 stk. effektbrytarar på Ormbergstøl er fjernstyrte frå drifts-sentralen til Statkraft Gaupne.

### 2.4.2 Sambandsutstyr

- 2 stk. NMT 450 mobiltelefonar
- 13 stk. GSM mobiltelefonar
- 13 stk. VHF radiostasjonar, 1 av desse er stasjonær, 7 er montert i bilar og 5 er berbare.

## 2.5 Andre eigedomar

### 2.5.1 Lager og administrasjonsbygg

Administrasjon og hovudlager er i leigd bygg i Gaupne. På Heggmyrane er det lagerbygg for drifta. På Røneidsgrandane er det plashall for grovlager.

### 2.6 Transportutstyr

Energiverket har fylgjande transportmiddel:  
1 stk. kombi lastebil 7,5T m/kran, 1992 modell  
1 stk. lastebil 13T m/kran 1998 modell  
5 stk. varebilar, 1989 - 2002 mod.  
3 stk. snøscooter, 1986 - 1997 mod.

## 3. Drift

### 3.1 Drift av fordelingsnettet

Det har vore 6 driftsforstyringar med utkopling for deler av høgspenningnettet som varde i meir enn 2 timar. Og i samband med planlagt arbeid, reoperasjon og vedlikehald, har det vore 19 utkoplingar for deler av høgspenningnettet som varde i meir enn 20 minutt. På grunn av fuglar som jordsluttar var det i juli og august ein del "korte blink" i høgspenningnettet, omlag 20 for linje Jostedal og omlag 10 for linja frå Leirdøla til Luster.

## 4. Kjøp og sal av kraft

### 4.1 Maks effektuttak

Maks effektuttak i nettet sin høglasttime var 14,5 MW den 4. januar 2002, time 10.

### 4.2 Forbruk

Totalforbruket av kraft (inkl. tap) i 2002 vart 74.868 MWh mot 76.128 MWh i 2001.

### 4.3 Sal av kraft 2002

	Antall Kunder	Kraftsal v/LEAS kWh	Kraftsal v/andre kWh	Nettleige kWh kWh	Nto oms. Eks.avg. Kr
Sal	3381	69176215	967498	70153713	30973973
Sum nettleige		70153713			
Sum tap		4762524			
Sum tot	3381	74868371	967498	70153713	30973973

#### 4.4 Overføring

For Statkraft overførte vi 745 MWh på vår 22 kV linje mellom Leirdøla og Jostedal Kraftverk.

#### 4.5 Tariffar

Kundane fekk val mellom fast kraftpris, variabel kraftpris eller spotpris. Om lag 85 % valde fast kraftpris for 2002. Forbruksavgifta (som er inkl. i kraftpris) vart redusert frå 11,3 øre/kWh til 9,3 øre/kWh.

### 5. Kundeforhold, tilsynsaktivitetar, måleaktivitetar, Enøk

#### 5.1 Kundeforhold

Pr. 31.12.2002 var det tilknytt 3381 kundar. Dette er 9 mindre enn året før.

#### 5.2 Tilsynsaktivitet

I 2002 har det i alt vore kontrollert 92 bustader, gardsbruk og næringseigedommar.

Tilsynet har ansvaret for ettersyn og kontroll av elektriske anlegg og har som overordna mål å betre el.sikkerheita i LE sitt forsyningsområde.

Andre viktige område er tilsyn med elektroentreprenørar, omsetningsledd av elektrisk utstyr og helseinstitusjonar.

#### 5.3 Måleaktivitet

Det vart til saman montert 107 nye målarar i løpet av året. Dette omfattar både nyanlegg og utskifting av eldre målarar. I alle nye næringsbygg vert det no montert måleterminalar med kommunikasjon til stasjonær pc ved administrasjonsbygg.

Frå 2004 vert det krav om timesmåling hjå alle kundar med forbruk større enn 100 000 kWh.

Den aukande aktiviteten i sluttbrukarmarknaden medfører fleire leverandørskifte, og nye rutinar for utveksling av meldingar og måledata mellom leverandørane.

#### 5.4 Enøk

Enova SF vart etablert i 2001 for å vere med å styrke arbeidet med ei miljøvennleg omlegging av energibruk og energi-produksjon i Noreg.

Enova er eit statsforetak som er eigd av olje- og energidepartementet. Enova tek initiativ til og fremjar meir effektiv energibruk, auka produksjon av ny fornybar energi og miljøvennleg bruk av naturgass.

Enova si verksemd vert finansiert gjennom eit energifond, der ein har to inntektskjelder - påslag på nett-tariffen og løyvingar over statsbudsjettet. Påslaget på nett-tariffen er på 0,3 øre/kWh.

Spørsmål om ENØK kan ein ta opp med Enova på telefonnummer 800 49 003.

### 6. Installasjon

#### 6.1 Installasjon

hadde ved årsskiftet 6 tilsette i 100% stilling, 1 i 80% stilling og 2 lærlingar. I tillegg vart tilsaman eitt årsverk frå kontoradministrasjonen nytta ved installasjon.

Det har vore jamn og god tilgang på arbeid. Vi har levert og montert fleire brannvarslingsanlegg, spesielt i samband med kampanje frå forsikringsselskap. Vi har hatt installasjon i nye bustadhus både for Sogn Byggservice, Nordbohus og Nes Bygg. I tillegg har vi ordinært vedlikehaldsarbeid i driftsbygningar, bustadhus og andre bygningar både for privatpersonar og for eks. Hydro, LMI Luster kommune, Skjolden hotell og Luster Betong m.fl.

Vi har også utført mange el.sjekkar i landbruk og bustadhus.

Det vart innkjøpt 5 bilar til montørane i juni 2002, og det har hatt ein positiv verknad på profileringa vår ute i marknaden. Vi blir lagt meir merke til og håpar det kan gje oss meir kontakt med kundane og føre til fleire oppdrag.

Lys- og varmeutstyr er utstilt og kan kjøpast direkte frå utstillingslokalet.

Dei tilsette har delteke på ymse fagkurs.

#### 6.2 Omsetning og resultat

Omsetningen ved installasjon var i 2002 kr 5.451.819, (5.063.520 i 2001). Resultatet etter at installasjon er belasta med husleige og fellesadministrasjon, viser eit overskot på kr 120.000, (148.000 i 2001).



Einar Galde, Oddgeir Kilen og Jan Idar Øygard i samtale etter montering av maksimalvokteranlegg i Skjolden Hotell



## Driftsinntekter

	Note	2002	2001
Energisal sluttbrukar		13.740.208	10.417.921
Energisal engros		13.138.317	-
Nettleige sluttbrukar		17.233.765	16.956.939
Sal andre varer og tenester		6.092.690	6.573.217
Andre driftsinntekter		667.850	125.170
Attendeført mindreakstning		-404.000	-800.000
Meir/Mindreavkastning		1.037.000	735.000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>51.505.830</b>	<b>34.008.247</b>

## Driftskostnader

Energikjøp sluttbrukar		14.079.725	
Energikjøp engros		11.351.988	9.017.613
Overføring i overordna nett		2.132.019	2.537.950
Varekost andre selde varer og tenester		2.432.138	2.532.610
Løn, folketrygd, pensj. og andre pers.kostnader	2,10	10.233.560	8.888.191
Andre driftskostnader	9	3.691.330	4.237.659
Ordinære avskrivningar	1	3.325.937	2.957.570
Tap på krav/auka avsetning for tap		23.535	-351
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>47.270.232</b>	<b>30.171.242</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>4.235.598</b>	<b>3.837.005</b>

## Finansinntekter og kostnader

Renteinntekter		1.889.249	1.793.861
Aksjeutbytte frå andre		968.250	968.354
Rentekostnader		-67.840	-57.005
<b>Netto finansinntekter</b>		<b>2.789.659</b>	<b>2.705.210</b>
<b>Resultat før ekstraordinære postar</b>		<b>7.025.257</b>	<b>6.542.215</b>

## Ekstraordinære postar


Vinning avgang anleggsmidlar		46.000	2.089.080
Ekstraordinære inntekter			1.082.814
<b>Sum ekstraordinære postar</b>		<b>46.000</b>	<b>3.171.894</b>
<b>Resultat før skatt</b>		<b>7.071.257</b>	<b>9.714.109</b>
Skattekostnad	11	2.002.948	2.424.228
<b>Årsresultat</b>		<b>5.068.309</b>	<b>7.289.881</b>

## Disponering av årsoverskot

Avsett til utbytte		2.034.760	3.521.700
Avsett til annan eigenkapital		3.033.549	3.768.181
<b>Sum disponert</b>		<b>5.068.309</b>	<b>7.289.881</b>

Eigedeler		Note	2002	2001
<b>Anleggsmidler</b>				
Linjer/teknisk utstyr	1		31.943.789	32.314.089
Inventar, utstyr og transportm.	1		3.145.218	1.769.818
Kartrettar og andre rettar	1		179.000	109.000
Aksjar	6		881.197	856.350
Aksjar i dotterselskap	6		11.005.500	11.005.500
Andel ANS Luster Kraftlag	7		3.059.049	2.767.064
Langsiktige fordringar	8		9.016.741	8.864.973
<b>Sum anleggsmidler</b>			<b>59.230.494</b>	<b>57.686.794</b>
<b>Omløpsmidlar</b>				
Varelager	5		1.469.214	1.371.000
Kundekrav	5		17.932.006	17.086.820
Andre kortsiktige krav			2.117.734	174.568
Bankinnskot, kontantar og liknande	12		7.443.575	7.942.373
<b>Sum omløpsmidlar</b>			<b>28.962.528</b>	<b>26.574.761</b>
<b>Sum eigedeler</b>			<b>88.193.023</b>	<b>84.261.555</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Eigenkapital				
Aksjekapital 8.663 aksjar à kr 2500,-	4,13		21.657.500	21.657.500
Behaldning egne aksjar	4		-2.092.500	-2.092.500
Overkursfond	3		2.979.988	2.979.988
Annan eigenkapital	3		44.708.072	41.674.523
<b>Netto eigenkapital</b>			<b>67.253.060</b>	<b>64.219.511</b>
<b>Langsiktig lånegjeld</b>			<b>164.195</b>	<b>246.301</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>				
Leverandørgjeld			6.264.285	4.945.176
Betalbar skatt	11		1.940.260	2.423.949
Skuldig offentlege avgifter			3.285.430	4.656.126
Avsett til utbytte	8		2.034.760	3.521.700
Anna kortsiktig gjeld	8		7.251.032	4.248.792
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>			<b>20.775.767</b>	<b>19.795.743</b>
<b>Sum gjeld</b>			<b>20.939.962</b>	<b>20.042.044</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>88.193.023</b>	<b>84.261.555</b>

  
Stein Næss  
(Styreleiar)

  
Per Hauge  
(Nestleiar)

  
Svein Halveg  
(everksjef)

  
Arvid Skjerven

  
Herman Bremer

  
Kristen Ormberg

  
Steinar Molland

## 1. Avskrivningsplan anleggsmidler (beløp i 1000 kr)

	Transp. midlar	Kontor- utstyr	EDB- utstyr	Telefon- utstyr	Drifts- bygg	Lager tomtar	Målar	Kraftstasjon Damanlegg Linjer og Tekn.utstyr
Kostpris 01.01.02	1723	1391	2498	113	699	220	1181	30202
Tilgang i året	1479	80	539		149		61	2092
Oppskrivning								23771
Samla ord. avskr. 31.12.	1623	1171	2687	113	608	1	387	24340
Bokført verdi 31.12.	1579	300	350	0	240	219	855	31725
Årets ord. avskrivningar	203	27	514	0	33	0	85	2462
% satsar ord. avskriv.	20%	20%	20%	20%	20%		5%	2,5-20%

## 2. Tilsette, godtgjerdse m.m.

### Lønnskostnader inneheld fylgjande postar

	2002	2001
Lønningar	7.335.175	6.668.196
Refusjon av sjukeløn etc.	-127.360	-232.462
Folketrygdavgift	900.359	768.354
Pensjonskostnader	1.208.612	1.028.079
Andre lønnskostnader	916.774	656.652
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>10.233.560</b>	<b>8.888.191</b>

Gjennomsnittleg antal årsverk      30                                      30

Godtgjerdse	Everksjef	Styret
Lønn	426.424	98.568
Kollektiv pensjonspremie	66.415	
Anna godtgjerdse	49.473	

Årets netto pensjonskostnad	2002	2001
Utbetalt pensjon	85.267	59.588
Årets pensjonspremie	1.208.612	1.028.079
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>1.293.879</b>	<b>1.087.667</b>

Andre pensjonar er dekkja gjennom KLP.

	2002	2001
Pensjonspremierfondet er balanseført med	39.097	44.808

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2002 utgjer kr 56000,-.  
I tillegg for andre tenester kr 31.135,-.

## 3. Eigenkapital

	Aksjekapital	Eigne aksjar	Overkursfond	Anna eigenkap.	Sum
Eigenkapital 01.01.02	21.657.500	-2.092.500	2.979.988	41.674.523	64.219.511
Årsoverskot 2002				5.068.309	5.068.309
Forslag til utbytte				-2.034.760	-2.034.760
<b>Eigenkapital 31.12.02</b>	<b>21.657.500</b>	<b>-2.092.500</b>	<b>2.979.988</b>	<b>44.708.072</b>	<b>67.253.060</b>

#### 4. Aksjonærtilhøve

Aksjekapitalen til selskapet er på kr 21.657.500,-.

Det er 968 aksjeeigarar i selskapet. Dei største aksjonærane er

Luster kommune	13,4%
Luster Sparebank	5,3%
Luster almenning	2,3%
Gjensidige	2,1%

På generalforsamlinga den 07.06.99 fekk styret fullmakt til å kjøpe inntil 10% av aksjekapitalen. Det er kjøpt 837 aksjar for kr 8 610.036,-, og ingen aksjar er avhenda.

#### Aksjar i eige av styre og evekrsjef

Stein Næss, styreleiar	36 aksjar
Per Hauge, nestleiar	10 aksjar
Jens K. Nes	2 aksjar
Hermann Bremer	7 aksjar
Kristen Ormberg	12 aksjar
Arvid Skjerven	20 aksjar
Svein Halveg, everksjef	9 aksjar

#### 5. Vurderingsprinsipp omløpsmidlar

Uteståande krav er oppførde til bokført verdi. Beholdning av salsvarer er sett til forsiktig vurdert verdi av kostpris.

#### 6. Aksjar

Antal aksjar	Selskap	Pålydane	Bokført verdi
610	Sognekraft AS	20000	122000
100	Fjellv. Årdal-Luster	100	0
17	Energiråd	1000	17000
10	Energiråd	1253	12531
1	NEFO	1000	1350
100 B	Sogn Skisenter	100	10000
1	REN AS	1000	1000
10	Sogn Golf	500	5000
80	Datapart AS	1000	400000
300000	Luster Invest AS	1	300000
51	Gjensidige	242	12316
Sum			881197

#### Aksjar i dotterselskap

11	Sage Kraftverk AS	1.000.000	11.005.500
----	-------------------	-----------	------------

#### SAGE KRAFTVERK AS

Luster Energiverk AS eig 11 aksjar i Sage Kraftverk AS. Dette utgjør 50% av aksjane i selskapet.

Investeringa er bokført med	kr	11.005.500
Negativt resultat	kr	353.870
Eigenkapital	kr	22.025.933

#### 7. Andel ANS Luster Kraftlag

L.E AS har 90,134% andel i ANS Luster Kraftlag.

#### Resultatrekneskap 31.12.02

	2002	2001
Andel leigeinntekter	883.287	856.283
Andel driftskostnader	-108.741	-113.502
Individuell avskrivning	-379.464	-372.130
<b>Andel driftsresultat</b>	<b>395.082</b>	<b>370.651</b>
Andel renteinntekter	13.502	14.093
Andel rentekostnader	-171.131	-217.731
Andel over/underskot	237.453	167.012
	<b>237.453</b>	<b>167.012</b>

#### Balanse pr. 31.12.02

Andel omløpsmidlar	230.547	268.564
Andel bygg	4.460.732	4.746.651
Andel uteanlegg	193.287	189.551
Andel eigendelar	4.884.566	5.204.765
Andel gjeld	1.825.516	2.437.702
Andel ANS Luster kr	3.059.050	2.767.064

#### Notar til ANS Luster kraftlag

BYGG	2002	2001
Anskaffelseskost 01.01.	9.485.846	9.302.514
Anskaffelseskost 31.12.	9.485.846	9.302.514
Samla av-/nedskr.31.12	5.025.114	4.555.864
Bokført verdi 31.12	4.460.732	4.746.651
Årets ordinære avskr.	379.464	372.130
%sats ord. avskr.	4%	4%

#### UTEANLEGG

Anskaffelseskost 01.01	193.287	189.551
Anskaffelseskost 31.12	193.287	189.551
Samla av-/nedskr. 31.12	0	0
Bokført verdi 31.12	193.287	189.551
Årets ordinære avskr.	0	0

#### 8. Spesifikasjon av andre fordringar/gjeld

Med atterhald om godkjenning av generalforsamlinga, er det avsett ordinært utbytte for 2002 med kr 260,- pr. aksje, tilsaman kr 2.034.760.

#### Summar som er inkludert i "Anna kortsiktig gjeld":

Påløpne kostnader	4.718.536
Skuldig forbruksavgift	1.944.779
Anna kortsiktig gjeld	3.370
Forskotsbetalte renter	515.600
Oppgjerskonto Enova	68.747
Sum anna kortsiktig gjeld	7.251.032

**Langsiktige fordringar**

Lån Sognekraft	6.450.000
Pengemarknadsfond	2.496.554
Eigenkapitaltilskot KLP	66.707
Andre langsiktige fordr.	3.480
Sum langsiktige fordringar	9.016.741

**9. Lager og administrasjonsbygg**

Luster Energiverk AS leiger lokale hjå ANS Luster Kraftlag. Leigeavtalen gjeld i 15 år, rekna frå aug. 1989. Leiga i 2002 var kr 782.708.

**10. Aktiverte egne investeringsarbeid**

I denne posten er eige aktivert investeringsarbeid fråtrekt med kr 1.020.900.

**11. Skattekostnad**

Resultat før skattekostnad	7.071.257
Permanente forskjellar:	
ANS Luster Kraftlag	333.502
Utbytte	-968.250
Renter på skatt	8.991
Endring i midlertidige forskjellar:	
Driftsmidler	478.298
Pensjonspremiefond	5.711
<b>Årets skattegrunnlag</b>	<b>6.929.506</b>
Berekena betalbar skatt overskot	1.940.260
Naturrekurs-skatt	
Skatt på grunnrente	
<b>Sum skatt</b>	<b>1.940.260</b>

**Midlertidige forskjellar knytta til:**

31.12.02	31.12.01
----------	----------

**Negative forskjellar:**

Driftsmiddel	4.730.184	4.251.886
--------------	-----------	-----------

**Positive forskjellar:**

Pensjonspremiefond	37.922	43.633
Grunnlag utsett skatt	-4.692.262	-4.208.253
Utsett skattefordel	-1.313.833	-1.178.311

I samsvar med førebels norsk rekneskapsstandard for behandling av skatt, er midlertidige negative og positive forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode utlikna. Utsett skatt er ikkje oppført i balansen.

**Skattekostnad i rekneskapsen består av:**

Forskjell ilikna og avsett skatt	62.688	-78.238
Endring utsett skatt	-	-
Naturrekurskatt	-	-
Skatt på grunnrente	-	-
Berekena betalbar skatt	1.940.260	2.423.949
Skattekostnad	2.002.948	2.502.187

**12. Sperra midlar**

Av innestående midlar i kasse og bankinnskot er kr 330.000 sperra til betaling av skattetrekk.

**13. Inngangsverdi/Risk-beløp**

Inngangsverdi 01.01.1992	kr 1.130,00	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1993	kr 0,43	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1994	kr -11,06	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1995	kr 20,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1996	kr 66,19	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1997	kr 61,78	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1998	kr 382,50	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.1999	kr 1412,27	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2000	kr 285,89	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2001	kr 445,45	pr. aksje
Risk-beløp 01.01.2002	kr 443,36	pr. aksje

**Kontanstramanalyse****2002****2001****Kontantstramar frå drift**

Ordinært resultat før skatt	7.071	9.714
Betalt skatt i perioden	-2.003	-2.424
Ordinære avskrivningar	3.326	2.957
Tap/vinst sal anleggsmidler	-46	-2.089
Endring i varelager	-98	45
Endring i kundar	-845	-7.865
Endring i leverandørgjeld	1.319	1.196
Endring i andre omløpsmid. og andre gjeldspostar	-2.282	5.728
Netto kontantstram frå drift	6.442	7.262

**Kontantstram frå investeringar**

Investert i aksjar	-25	-700
Investert i ANS Luster Kraftlag	-292	-167
Investert i langsiktig fordring	-151	-130
Innbetaling sal driftsmidler	46	2.089
Utbet. kjøp varige driftsmiddel	-4.401	-1.806
Netto kontantstram frå investeringsaktivitetar	-4.823	-714

**Kontantstram frå finansaktivitetar**

Netto endring i langsiktig gjeld	-82	-82
Utbytte	-2.034	-3.521
Netto kontantstram frå finansaktivitetar	-2.116	-3.603
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	-499	2.945
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.	7.942	4.997
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande	7.443	7.942



<b>Verdirekneskap</b>	<b>2002</b>
Driftsinntekter	51.505.830
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	33.710.735
= Verdiskaping i eiga verksemd br.	17.795.095
- Kapitalslit (ord. avskr.)	3.325.937
= Verdiskaping i eiga verksemd net.	14.469.158
+ gevinst ved sal av driftsmidlar	46.000
+ finansinntekter	2.857.499
<hr/>	
= Verdier til fordeling i alt	17.372.657
<b>Som er fordelt slik</b>	
Tilsette	10.233.560
<b>Kapitalinnskytarar</b>	
Renter til kredittytarar	67.840
Utbytte til aksjonærar	2.034.760
<b>Stat, kommune</b>	
Skattar og avgifter	2.002.948
<b>Verksemda</b>	
Halde attende for sikring og ny verdiskaping	3.033.549
<hr/>	
<b>Verdier fordelt i alt</b>	<b>17.372.657</b>



Magnar Moene legg fiberrøyr og høgspenkabel i Moe på Hafslo  
Foto: Hallgeir Hatlevoll

<b>Nøkkeltal</b>	<b>2002</b>	<b>2001</b>
<b>Omsetning</b>		
Driftsinntekter	51.505.830	34.008.247
<b>Resultat</b>		
Driftsresultat	4.235.598	3.837.005
Netto driftsmargin	8%	11%
Resultat før ekstraord.	7.025.257	6.542.215
<b>Rentabilitet</b>		
Totalrentabilitet	8,2%	8,3%
Eigenkapitalrentabilitet	10,7%	10,5%
<b>Investeringar</b>		
Årets investeringar	4.401.031	1.805.867
<b>Soliditet/kapitaltilhøve pr 31.12</b>		
Eigenkapitalandel	76,3%	76,2%
Likviditetsgrad 1	1,4	1,3
Rentedekningsgrad	104,6	115,8
<b>Personale</b>		
Talet på fast tilsette	26	25
Lærlingar	4	4
<b>Aksjar</b>		
Talet på aksjar	8.663	8.663
Aksjekapital	21.657.500	21.657.500
Forteneste pr. aksje	585,05	841,50



Norvald Sandvik legg fiberrøyr og lågspenkabel ved barneskulen i Gaupne.  
Foto: Hallgeir Hatlevoll

Deloitte & Touche  
Statsautoriserede Revisorer AS  
Fjørevegen 19  
Postboks 206  
N-6852 Sogndal

Telefon: 57 67 65 70  
Telefax: 57 67 65 71  
www.deloitte.no

## Deloitte & Touche

Til generalforsamlinga i

### LUSTER ENERGIVERK AS

#### REVISJONSMELDING FOR 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for LUSTER ENERGIVERK AS for rekneskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på kr 5.068.309,- for selskapet . Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- ♦ årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- ♦ leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk
- ♦ opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 14. mars 2003

**Deloitte & Touche AS**



Knut Midtun

statsautorisert revisor

**Deloitte  
Touche  
Tohmatsu**

Bergen Florø Førde Grenland Haugesund Knarvik Kristiansand Lyngdal Oslo  
Sogndal Stavanger Steinkjer Trondheim Tønsberg

Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Org.nr.: 980 211 282



*I 2002 investerte Luster Energiverk i 6 nye bilar.  
Foto: Hans Arvid Skagen*



**LUSTER  
ENERGIVERK AS**

Gaupnegrandane  
6868 Gaupne  
Telefon 57 68 29 00

[www.lusterenergiverk.no](http://www.lusterenergiverk.no)